

DEN NORSKE KYRKJA  
Strand kyrkjeleg fellestråd

**MØTEPROTOKOLL STRAND KYRKJELEG FELLESTRÅD**  
**05.05.2021 kl. 18-20.30 i Tau kyrkje**

**Til stades:** Tor Jan Aarstad (leiar), Kristoffer Amdal, Eli Nesvåg, Eirik Stople, Inger Lise Alfarnes, Tor Magne Nesvik

**Andre:** Rune Skagestad (kyrkjevevje i Stavanger), Bodil Sande Turøy (verneombod), Trond Hjorteland (kyrkjevevje), Liv Åse Gaard (fung. kyrkjevevje)

I starten av møtet var det informasjon og omvising i kyrkja med leiar i byggjekomiteen Tore Voster, prosjektleiar frå Norconsult Øystein Heltne og sokneprest Martin Ivar Arnesen.

**25/21 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE**

*Vedtak: Innkalling og sakliste godkjent.*

*Votering: Einstemmig.*

**26/21 REKNESKAPSRAPPORT JANUAR-APRIL 2021**

*Vedtak:*

- Strand kyrkjeleg fellestråd tar rekneskapsrapporten til etterretning.
- Strand kyrkjelege fellestråd ber kyrkjevevja førebu ei sak om revidering av 2021-budsjettet til møtet 2. juni på bakgrunn av at inntektene blir reduserte med kr 368 500 som følgje av reduserte givarinntekter frå Jørpeland sokneråd.

*Votering: Einstemmig.*

**27/21 Unnt. Offl. §13**

**28/21 NY KYRKJE PÅ TAU**

**Forslag til vedtak:**


- Strand kyrkjelege fellestråd tar statusrapporten til orientering.
- Strand kyrkjelege fellestråd godkjenner utleigeavtale med Strand vidaregåande skule.
- Strand kyrkjelege fellestråd godkjenner lån på til saman kr 11 millionar kroner frå Opplysningsvesenets fond (kr 6,5 mill.) og SR-Bank (kr 4,5 mill).
- Kyrkjevevja får fullmakt til å refinansiera låna til den långivar som til ei kvar tid har best betingelsar. Fellestrådet skal bli orientert i førstkommande møte etter eventuell refinansiering.
- Kyrkjevevja får fullmakt til å fullføra naudsynte inventaranskaffelsar (til altarpartet) til Tau kyrkje.

Strekpunkt 2 går ut då utleigeavtalen ikkje er underskriven.

*Vedtak:*

- Strand kyrkjelege fellestråd tar statusrapporten til orientering.
- Strand kyrkjelege fellestråd godkjenner lån på til saman kr 11 millionar kroner frå Opplysningsvesenets fond (kr 6,5 mill.) og SR-Bank (kr 4,5 mill).
- Kyrkjevevja får fullmakt til å refinansiera låna til den långivar som til ei kvar tid har best betingelsar. Fellestrådet skal bli orientert i førstkommande møte etter eventuell refinansiering.
- Kyrkjevevja får fullmakt til å fullføra naudsynte inventaranskaffelsar (til altarpartet) til Tau kyrkje.

*Votering: Einstemmig.*



DEN NORSKE KYRKJA  
Strand kyrkjeleg fellestråd

**29/21 NY KYRKJEORDNING**

*Vedtaket: Strand kyrkjelege fellestråd tar sak om ny kyrkjeordning til orientering.*

*Votering: Einstemmig.*

**30/21 STATUS DIALOG JØRPELAND MENIGHETSRAÅD**

*Vedtaket: Strand kyrkjelege fellestråd tar saka til orientering.*

*Votering: Einstemmig.*

**31/21 HMS-SAKER** Unnt. Offl. §13

**32/21 ORIENTERINGSSAKER**

- Maling Strand kyrkje: Svarte sopputbrot og gule flekkar pga. for tjukt lag med maling, blir forsøkt utbetra i løpet av våren i samråd med fagpersonell.

- Budsjettmøte Strand kommune: Kyrkjeverja og leiar i Fellestrådet har møte med kommunedirektør og økonomisjef 12. mai vedr. budsjettjusteringar 2021, og innspel til 2022-budsjettet.

- Permisjon kyrkjeverja: Kyrkjeverja er innvilga 6 månadar permisjon utan løn frå 01.08.21-31.01.22. Konstituering av kyrkjeverje i permisjonsperioden, blir tatt opp på møtet 2. juni.

*Vedtaket: Strand kyrkjelege fellestråd tar sakene til orientering.*

*Votering: Einstemmig.*

**33/21 EVENTUELT**

- Ingen saker

Jørpeland 07. mai 2021

Tor Jan Aarstad  
leiar

Liv Åse Gaard  
fung. kyrkjeverje